



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2134 - 16/30227

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2016

Førebels svar- Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 214/216 Fyllingsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad og supplerande informasjon 30.09.16 .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert supplerande informasjon og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Av supplerande informasjon om støyskjerm går det fram at støyskjerm vert 2 m høg og 11 meter lang. Støyskjermen skal byggast heilt inntil nabogrense mot gbnr. 214/142. Oppføring av støyskjerm med angitt plassering og størrelse som oppgjeve krev samtykke frå nabo. Vi ber difor om at det sendast inn naboerklæring med samtykke til oppføring av støyskjerm.

I følgebrev til supplerande informasjon er det opplyst om følgjande:

Me legg ved erklæring om ansvar for prosjektering av støytiltak. Me opplyser samstundes om at det ikkje er utarbeida støyrapport, men me har lagt til grunn følgjande vurdering:

Byggforsk blad 421.421 tabell 52 seier at støy frå utandørs kjelde kan plasserast i klasse C når den svarar til nedre grenseverdig for gul sone. Legg ein då til grunn at støymåling / vurdering som er gjort for å definera mesteparten av eigedomen til gul sone er riktig, skal støyskjermende tiltak oppfylla verdiane som trengst for å tilfredstillast klasse C.

Dette oppfatar vi er sama framgangsmåten som er brukt i sak 280/15 på gbnr 212/93. Slik me ser det er desse sakene svært like og me meiner difor at same framgangsmåte må kunne leggjast til grunn i denne saka. Om kommunen skulle vurdere denne saka annleis ber me om ei tilbakemelding på det. Vi ser og gjerne at saka vert handsama men at eit løyve har «vilkår» om eventuell utarbeiding av støyrapport / støymåling.

Kommunen kan ikkje gje løyve til tiltak i eit-trinn utan at det ligg føre støyrapport. Dersom søkar ynskjer det kan søknaden omgjerast til rammesøknad, og at det eventuelt vert gjeve rammeløyve på vilkår. Krav om støyrapport vil då bli sett som eit krav for å få igansettingsløyve.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vi ber om at det ved innsending av tilleggsinformasjon også vert gjeve bekreftelse på at det er ynskjeleg med omgjerung av søknad til rammesøknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.11.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nina Askeland Hay	Tysse	5284	TYSSEBOTNEN
-------------------	-------	------	-------------

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------